

MONSTERET

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik


Det blir sommar.
Det blir siste skuledag.
Og det blir skulefri.

Men Jon skal ikkje på ferie.

Jon skal vere heime.
Han skal vere med mor og far,
og dei skal arbeide.
Dei kan ikkje dra frå butikken sin.

Dumme butikk, tenkjer Jon.
Dumme mor og far, tenkjer han.
No blir han heilt aleine i gata.
Alle andre har alt reist på ferie!

Første feriedag kjem.
Mor og far er på jobb.
Jon ligg i senga si.
Han vil ikkje stå opp.
Han har bestemt seg.
Han vil liggje i heile ferien,
langt under dyna,
godt gøymd for sommaren.



Jon lettar på dyna.
Er det noko som ringjer på?

Han spring ned trappa.
Han riv opp døra.

Der står Susanna.
Ho smiler til Jon.
– Stilig, seier ho
og stryk på det redde monsteret på nattdrakta hans.